

## Løyndommen i skattkista

«Kan eg få opne kista?» seier Pirat-Jonny brått.

«Nei,» seier Kanon-farfar bestemt.

«Eg har aldri opna ei skattkiste før,» seier Pirat-Jonny.

«Har du ikkje?» seier Kanon-farfar overraska.

«No må de snart bli venner,» seier Ina.

«Eg synest Pirat-Jonny kan få opne kista.»

«Ja vel då,» seier Kanon-farfar.

Pirat-Jonny får nøkkelen til skattkista.

KLIKK! Skattkista er open.

«Kva er dette?» seier han.

Pirat-Jonny løftar ut små, brune myntar.

«Så det var der toøringane mine var!» roper Kanon-farfar.

«Litt av ein skatt! Tjue kroner blir det til saman!» roper Pirat-Jonny.

Han spring rasande tilbake til skuta si.

«Då slepp vi han,» seier Kanon-farfar.

«Men, du slepp ikkje unna meg,» seier Ina sint.

«Tjue kroner kan ikkje redde biblioteket vårt!»

«To øre var mykje då eg var liten,» seier Kanon-farfar.

Sam høyrer ikkje etter. Han tenkjer.

Gamle toøringar er kanskje meir verde enn tjue kroner?



### Oppgåver:

Sjå Arbeidsboka side 99.

Gjer oppgåvene 2, 3, 4, 5, 6.